

Stille Stunder



Eit norskt blad for tru og gudlegdom

Nr. 1.

15. januar 1935.

47. årgangen.

Kristi openberringsdag

minner oss um den sanning, at Kristus må verta openbert i verdi. Han sigrar ved å verta kjend. Og det er kristendomen si store oppgåve at han må verta alt vidare kjend, og alt betre kjend.

Men då må han verta kjend på den rette måten.

Han kann nemleg verta kjend soleis at han ikkje er tent med det.

Difor forbaud han stundom folk å gjera honom kjend, tala um honom.

Soleis dei store eldhuga flokkane, som samla seg kring honom i Galilea. Matt. fortel i det 12. kap. at Jesus «*baud deim at dei ikkje skulde gjera honom kjend*».

Kvifor? Utan tvil fordi dei kjende honom berre etter det ytre og berre etter sine eigne meiningar og draumar um, kven Messias skulde vera.

Dei vilde skildra alle dei sidor ved honom, som samstava med dei ra eige kjøtlege Messiasideal. Og det mest rimelege resultat vilde vera ei politisk oppøsing som endå til kunde føra til det, at dei med makt vilde gjera honom til sin jordiske konge. Og inkje var meir imot Jesus enn det. Det vilde setja ei svær hindring for hans verkelege fyremål.

Nei, den som skal gjera Jesus kjend må sjølv kjenna honom.

Og korleis lærer me då å kjenna honom? Bibelen er kjelda til kjenn-

skapet av Jesus. Der finn me det rette Jesusbilete. Men skal me gjennom bibelen læra *finna* dette rette Jesusbilete, so må det liva seg inn i oss. Me må uppliva sanningi av bibelens Jesusbilete ved å røyna det.

Når Mattæus gjev oss rettleiding i denne sak, so peikar han på bibelen og viser til ein som ut av personleg røynsle gjennom profetisk inspirasjon talar um Jesus. Difor gjev han Esaias ordet.

Esaias teiknar eit fagert bilete av honom. Det drag som han då fyrst syner er dette: han er *tenaren*.

Aa kor motsett alt det som hev stordom i verdi! Jødane såg det store i herskaren, som skulde knasa folki som krusbrot og leggja deim under seg.

Nei, det er *tenaren* han er, den som gjeng ikring og gjer vel og tenar alle, ber byrder for andre og hjelper.

Og det gjer han so mildt og kjærleg, at ingen tarv ottast for honom.

Det brostne røyrstrå bryt han ikkje heilt av og kastar det tilsides, so som me so ofte vil gjera. Eit menneske som det er so ille med, at det er likt eit slikt røyrstrå, gjev me gjerne upp. Der er ikkje botvon, tykkjer me. Denne tenaren åt Herren gjer ikkje so; han ser det verdfulle i det verdlause, tek med varsam hand og reiser upp og bind ikring og lækjer. Høyr det du brostne røyrstrå! Du som tykkjer livsbresten din er ulækjande. Han gjev deg von! Difor segjer og Esai-

as: «*Øyar ventar på hans lov*». Eller som Mattæus noko fritt set det um: «*Til honom skal folki setja voni si*».

Og den rjukande veiken, biletet på eit liv i Gud so veikt, at det so vidt er ein gneiste, vil han ikkje slökkja. Det kann vera den fyrste veike byrja av liv eller det kann vera eit burtdøyande liv, der det eingong var eld og varme, men der verdi hev fenge gjeva si slökkjande gjerning. Kva plar me menneske gjera i sovorne høve? Me dømer det vesle byrjande liv eller det sjuke døyande liv ikkje liv å vera og slökkjer det heilt. Aa kor hjartelaust! Denne Herrens tenar han tek seg av den vesle glodi, og fær gneisten til å slå ut i loge.

Set di von til denne Herrens tenar! Lat honom få tena deg, so uppliver du at dette er sannt.

Og kor stor er ikkje den gjerning han skal gjera! Han skal skipa rett. Og det gjer han ikkje som ein streng herre. Makti hans er Guds ånds stille, sterke, som ikkje treng skriket til å hjelpa seg med.

Når Esaias kallar hans gjerning det å *skipa rett*, so ser han den store skade, som me kallar synd under det synspunkt, at det er *ein urett*. Aa sjå syndi slik hjelper oss til å sjå henne som *skuld* mot den heilage Gud.

Syndi hev *skipla* og øydelagt Guds store herlege skaparverk. Det var det sværaste hverk som nokon gong hev vore gjort. Det var urett mot Gud, som var kunstnaren, som dana skapingi sitt storfelle og

storfagre kunstverk. Men det vert urett og mot dei einskilde lutar av kunstverket, som soleis fekk sin idé øydelagd. Det var urett mot mennesket, som fekk sin sjeleharmoniskipla og fekk den store sjeleusemja, som ovrrar seg i ufred, inn i sitt hjarta. For eit bilete på denne urett er ikkje verdi — sundriyi og øydelagd og full av usemje og strid som ho er! Det vert spurt kven hev skuldi for den velduge urett? Dei leitar etter den einskilde, som skal bera hovudskuldi. Aa, det er nok berre eit veldigt utslag av den syndi sin svære urett som hev vore frå fallet sin dag av.

Her er han som kann bota skaden og gjera uretten god att — ei veldig oppgåve! Men han hev makta det og han maktar det for alle som lærde honom å kjenna og tok imot honom.

Tak imot honom! Røyn hans kjærlege hjelp! Tak mot hans tene-ste! «Her er han som vil favne dig med sin kjærlighed, her er han som vil gavne dig med sin blodig sved».

Då hev du lært honom å kjenna og då vil du kunne hjelpa til å gjera honom kjend også for andre, so dette hans store verk å skipa rett på jordi kann skrida fram — gjennom det at verdi lærer å kjenna honom.

Joh. Barstad.

Ålvorstankar.

Folk bryr seg lite um ålvorstankar. Mange er liksom redde dei. Allvisst talar dei lite um dei. Det synd og verker i hugen deira: og dei tegjer og tegjer. Men dei tek skade av å lata kjenslone soleis brenna inne. Dei skulde opna seg, — for sine næraste, for sine vener, for vår beste ven: Gud.

For hjarta hev trong til å opna seg. Liksom alt anna treng det ljøs og varme utanfrå, for det hev ikkje dei ting i seg sjølv. Set du stengsle for sjeli og sviv berre kring deg sjølv, so vert du svimrug og hugsjuk.

Det er mange, som driv med sitt daglege yrkje og vil ikkje bry seg med ålvorstankar. Det er berre å jaga dei på dør. Stundom lyt dei og bruka serlege rådery til det: lyst

Tak steinen burt.

Tak steinen burt! Lat Jesu røyst få
ljoda
so dauden vikja må og sorg og sut.
Tak steinen burt! me høyrer Jesus
bjoda
med makt og mynde — «Lazarus
kom ut».

Tak steinen burt, so lækjedom fær
renna
frå Gud i såre syndarhjarta inn,
at dei Guds kjærleik, gleda, fred
fær kjenna,
at tåra turka vert frå våte kinn.

Tak steinen burt, so Herrens erd
fær toa
til liv og vekkjing upp frå synd og
skam.
«Tak steinen burt!» — me enno høyrer
Ljoma
frå han, som baud den daude koma
fram.

Tak steinen burt! Guds kjærleiks
sol lat skina,
so vetren roma lyt for ljose vår.
Hans milde kjærleiksstrålar einast
tina
kann upp, der vetter, is og kulde rår

Gud hjelp oss til som ljøs i verdi
blenkja!
Du sjølv oss leide fram på sannings
veg!
At du, når striden vår er endt, kann
benkja
oss i din himmelherlegdom hjå deg.

O. D.

og leik med lettliga kameratar, drykk og turing.

Men dei melder seg atter og atter. Løynleg kjem dei smygande desse tankane, — når du sit åleine, og når du er i venelag, ved natt og dag. Kjem med ansvarskjensle, med skuldingar mot deg, med gåtor og spurningar um liv og daude, um dine kjære avlidne, um avskil og attersyn.

Ved dei mangfalduge hendingar i livet kjem dei. Serleg når du er sjuk og daudingormen gneg på livsroti, og du høyrer liksom omen frå æveheimen att um daude og grav — kor vesall og veik du då er! Du maktar ikkje jaga dei frå deg.

Du skynar, det er ei ovsmakt, des-

se ålvorstankane, dei tek deg til fange. For samvitet gjev sannkjenning um det same. Det dømer oss som syndarar og brotsmenn og vitnar um daude og dom. Som svart skodde sviv reddhugen ned i sjeledjupet vårt.

— Men på himmelen, høgt, høgt yver oss renn soli fram med ljøs og varme og herlegdom kvar morgon. Myrker og skodde kverv burt, når den fagre soldronningi stig fram, jamvel gjennom svarte skyi trenger ho med det herlege, livgjevande ljøset sitt. Ingi makt kann meinka henne å leggja si velsigning utyver all heimen, yver vonde og gode, rike og fatige, syrgjande og glade.

Men den same Gud, som råder i naturheimen, han råder og i åndeheimen, i Gudsriket. Og so mykje høgare og herlegare himmelen er enn jordi, so er visst og sant den soli av nåde og kjærleik, Jesus Kristus, høgare og herlegare enn alt anna. Frå honom strøymer signing ut til alle heimisens ætter. Kristendomens liv og ljøs hev umskapa den eine folkelyden etter den andre. Ogso til vårt kjære folk rakk det. Ein livskvist vart sett inn i manneætti, det vart ungdom og liv og friskleik, der han fekk festa seg.

Likeeins med det einskilde menneske, som gjekk der sorgtyngd og skuldyngd. Han er frelsaren frå synd og daude og dom, forlating for syndi og eit godt samvit gjev han ved sin siger og uppstoda. Med den myrke langfredag attum strålar påskemorgonen herleg utyver verdi, til vonde og gode, rike og fatige, syrgjande og skuldyngde. Hjarto opnar seg, eit her, eit der, mange, mange, som blomane opnar seg for soli um våren. Men det er og mange, som sveiper hjarta sitt inn med band, so ikkje eingong påskesol kann få lata dei upp og gjeva dei ljøs og fred.

«De portar, lyft upp dykkar hovud!
ja lyft dykkar upp, de ævelege
dørar,
so kongen den herlege kann koma
inn.

(Salm. 24, 7.)

Og dei som opnar seg for honom, gjev seg til honom, dei vert umskapa i hugen. Reddhug og myrker kverv burt, og Guds store kjærleik i Jesus Kristus vert deira eine sto-

re og sæle tanke. Soleis gjeng det til at *ålvorstankane vert våre kjæraste tankar*. Velkomen helsar me dei, når me er åleine, og i venelag, ved natt og dag, i sorg og glede. Dei mange gåtor og spurningar, livet lægg for oss, finn me etter kvart løysing på. Jamvel når daudingormen gneg på livsroti, og dauden kjem og bankar på døri — ja, då er ålvorstankane um Jesus som tusen blad på treet, — dei andar inn liv og fred og æveleg sæle frå honom, vår beste ven.

Det er underlegt med Jesus Kristus: han kann løysa dei store vanskar, livet fører oss inn i, dei vanskar andre ikkje kann hjelpa oss utor. Alle som hev lagt hugen sin til honom, gjev honom det vitnemål. Dei tolv læresveinare som fylgde honom gav seg til honom i lit og lydnad, og i det var dei lukkelege. Av det som seinare hende, veit me, at dei vanta mykje på full kjennskap til Jesus og hans gjerning. Det var ikkje kunnskapen, som gjorde dei lukkelege, men det at dei gav seg til honom med heile hugen sin, som seinare gjorde dei so hugsterke og hugheile i liv og daude. Det var denne trui, som gav ljøs og soning yver alt i livet og dauden.

Slik er det med alle Jesu læresveinar. Kunnskap, rikdom, kunst og jordisk herlegdom kann ikkje i lengdi stetta hjartetrongen i oss. *Ljos ovanfrå* må til liksom i naturheimen. *Jesus Kristus er heimens ljøs*. Honom vil me gjeva heidersplassen i hjarta vårt, — «Kongen den herlege» — honom vil me sjå upp til i bøn og lydnad, vår frelsar frå alt, som vondt er. Honom skal tankane våre krinsa um som det beste og fagraste, me veit, vår kjæraste tanke, *grunn tanken i alt vårt liv*.

Eit liv i tru og lydnad mot Jesus Kristus er det eine rette og det eine lukkelege menneskeliv.

Olav Stramma.

Voltaire's spådom um kristendomen.

I 1878 heldt det kristelege samlag av ungdomar (det hev til merke Y. M. C. A., d. v. s.: Young Mens Christian Association) sitt møte i Genua.

Det var då ein flokk av deltakarene, som ein dag vandra ikring på berghøgden kring byen. Dei kom upp til ein bergknatt, der det var hogt inn desse ordi: «Voltair 1778». Dei kom då i hug denne store fritenkjaren sin spådom, at um 100 år vilde det ingen kristendom vera meir, og kristne bøker vilde stå mellom gamle saker i boksamlingane. No var 100 år gjengne. Til å syna, kor spådomen var komen til kort, hogg dei inn ved sida av desse ordi: 1878 Young Mens Christian Association. Desse ordi stend no der, hogde i harde fjellet, som eit varigt vitnemål um vantrui si avmakt og Kristi makt.

Den sunne læra.

Av handelsdirektør Giverholt
Hanssen.

Tim. 3, 14—44.

Kva er «sanning»? Det var det sarkastiske spørsmålet som den romerske landshovdingen Pilatus ein gong gav. I vår tid er det nok mange som kjem med same spørsmålet, som hev same uvissa og same tærande tvilen. — Finst det nokon som fortener namnet «sanning» — religion, openberring, læra? —

Når teksti vår talar um å halda fast ved sanningi og ved den «sunne læra», er det nok mange som vil spyrja: Finst det verkeleg noko som ein kann kalla den sanne eller sunne læra? I vår tid då det er so mange skilde meiningar, so mange religionar, so mange sekter, so mykje strid um læra. Og kven kann finna fram i dette til det eine rette? Og er ikkje det eine like so godt eller ringt som det andre?

Teksti vår segjer at det er *Bibelen*, den heilage skrifti, som er sanningi. Det er den som er inspirert av Gud og som skal vera rettleiding for vår tru og vår lære og for livet vårt. Og ingen treng taka feil eller vera i tvil um meiningi i Bibelen.

Bibelen fortel for det fyrste at me er syndarar, at me gjer mot Guds vilje — ja endå at me reiser oss mot Gud. Les t. d. 3. kapitlet i Romarbrevet: Alle hev fare gale. Det er ikkje ein rettfærdig, nei ikkje ein einaste ein. Dette er nok hard tale for byrge menneske; men

stend me for dei heilage kravi i lovi, må me nok sanna at dette berre er nakne sanningi um oss menneske.

Men Bibelen hev og, som vel er, noko anna å fortelja oss. Evangeliet tonar oss sterkt imøte, evangeliet um Guds lamb som leid straffi for at alle som kjem til han, skal sleppa fri for dom og straff og få barnekår hjå Gud. Og so tilslutt verta sæle i all æva.

Desse ordi kann lækja hjartesåri dine. Og Bibelen lærer oss at trui på evangeliet og på Guds son skapar eit nytt liv i oss — eit liv som gjev seg utslag i kjærleik og gode gjerningar.

Men det er ikkje so at det nye livet døyver den gamle hugen og den vonde håtten. Nei, Bibelen lærer oss ògso at den kristne hev strid her i verdi, hard og beisk strid med alt som vil draga ned og tyna veksende livet, som ikkje fører mot uppeimen og ljøset og dagen. Den kristne er soleis eit dubbelmenneske. Det er tvo makter som striddest: Det nye ljøse og det gamle myrke, ånden og kjøtet. Her er det stendig strid. Difor må dei kristne alltid vera på vakt.

I læra um synd og nåde, rettfærdiggjering, atterfoding og heilagjering hev me tvillaust prøvesteinen på um ei lære er sunn eller ikkje. Og der den einskilde liver etter desse sanningane, der vert både læra og det kristelege livet sunnt og sannt, rett og godt. Då vert det framelska ei fatig og audmjuk åndsretning som ikkje hev noko i seg sjølve, men som hev alt i frelsaren sin og som ikkje hev anna å segja um seg sjølv enn at dei er frelste ved Kristi nåde.

So vender spørsmålet seg mot vår tid. Korleis stend det til med oss. Tru me ikkje er komne til den tidi som apostelen talar um i teksti vår — den tidi då ein ikkje lenger skal tola den sunne læra, og då ein skal venda øyra burt frå sanningi.

Kvar ligg skuldi?

Når ein mann kjem i tankevan-skar eller livsvanskar med kristendomen, so det til slutt reint flækjer seg ihop for honom, då segjer mange folk: «Det er kristendomen, si

skuld. Der ser de kor vanskelegt det er å koma til rettes med alle desse læresetningane!»

I boki «Fred», fortel Garborg um Enok Håve. Det er ein kristen mann som det gjeng gale med. Han kjem upp i so mange flokar, at han til slutt reint misser vitet. Kvar ligg skuldi her? I kristendomen? eller i den pontoppidanske læreform?

Ser me vel etter, finn me at Enok Håve er ein mann utan rett jamvekt. Tanken er for sterk mot dei andre evnor i sjeli. Enok et upp åndslivet sitt i tærande sjølvtenking. Er det kristendomen si skuld?

I «Trætte mænd» hev Garborg skildra ein annan svolten tenkjar som et seg upp sjølv, det er Gabriel Gram. Han elsker ei gjente, men kjem aldri til å få henne, for tanken et upp elskhugen. Skal ein her segja det er elskhugen si skuld?

Nei, skuldi ligg korkje i kristendomen eller i elskhugen. Skuldi ligg i Enok Håve og Gabriel Gram sjølv. Dei er so laga at tanken dei-ra er ein storetar som gneg svart ikring seg. Kven hev laga deim so? Er dei skapte til det, eller hev dei sjølv vakse skakt ved eigi synd? Ja der er gåta.

Men når ein mann er so skeiv i vokstren, kvar er då den beste lækjeråd? Trass i alt er det kristendomen. Um det gjekk gale med Enok Håve, hev det gjenge vel med tusund andre. Dei hev funne fred og jakvekt i åndslivet og fenge blomar til å gro der tanke og sjølvrefleksjon hadde ete svart.

P. H.

„Men alt som ikkje er av tru —“

Det var ein kald vintermorgon; på vindaugo var der is, og soli skein ikkje endå. På romet sitt sat ein mann, ein gamal mann, ikkje so

mykje av år som av røynsle. Eit nytt år stod framfyre honom, og no sat han og tenkte, ålvorlege tankar. Hans tankar leita etter fote-feste; han lengta etter gleda djupt i si sjel. Og han visste at alt i verdi berre var som medtonane i ei fele; strengene, som skulde gjeva hovudklangen og samspel djupast i sjeli, var utanfor verdi.

Han hadde prøvt å få denne samklang. I ei tung stund, då verdi var honom vrang, og han kjende ei pine i si sjel og såg med angstfulle augo etter hjelp, då hadde han gjeve seg til Gud, til Frelsaren, og det var som verdi kvarv burt i same stundi, og han syntest verta boren til høgder, han fyrr ikkje hadde drøymt um. — —

So stod han på ein skiljeveg, det var eit arbeid han tenkte seg til å gjera; der var ikkje noko å segja på det nett, og mykje å vinna ved det. — Men so vakna ei røyst i hans indre; vil Gud det? Og tvilen kom og gnog, men ikkje ein einaste grunn, som var verdt å bry seg um, fann han. So gjekk han til verket, men hans hug var ikkje heil. — Tidi gjekk, han vilde lesa i bibelen, men kvart ord han såg, som elles vilde ha gjort honom glad, vart honom til verk og pine. Han vilde beda, men bøni fraus på lippone. Han kjende seg skilt frå Gud, og verdi var myrk. — Og folk undrast, kva gjekk der av honom?

So sat han no ved årsskiftet og såg på dei frosne rutone, og var åleine med tankane sine. Han slo upp sitt nytestamente og fann ordi: «Men alt, som ikkje er av tru, det er synd.»

Som eit tvieggja sverd trengde dei ordi inn i hjarta hans; han hadde opplivt, at det var sanning. Han såg sitt tap, tenk um han hadde fylgt røysti og venta på Guds time; di meir det hadde kosta, di meir hadde han vunne.

Han gjorde ein lovnad framfyre Gud, og han bad or djupet av sitt hjarta.

Og nyårsoli steig upp yver fjellet og lyste eit menneske imøte, som kjende fred og samklang strøyma gjennom sjeli. —

R.

Bladmannaskulen

gjev opplæring i bladarbeid ved brevbyte. Plan fritt.

Bladstyrar **HANS AARNES**,
Bygdøy, Oslo.

Solglimt

— månadsblad for Norsk vanføresak —

kjem ut i *Alvøy*, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidingar um saki frå inn- og utland, forteljingar o. a. Styd vanføresaki ved å tinga bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.
Fritt og friskt.

Bendeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmeget. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126
ved Landmannstorget.

Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen
Husbunad i norsk stil.
Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00-for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda